



## PROTOKOLL

### ÅRSMØTE

### ULSTEIN KFUK - KFUM

**DAG OG DATO:** Tysdag 29. mars 2016.

**TID:** Kl. 18.00

**STAD:** Fredheim

*Leiar i Ulstein KM, Jan Einar Roos, ønskte dei 22 frammøtte velkomne til årsmøte. Generalsekretær i Norges KFUK – KFUM, Øystein Magelsen, var og til stades på årsmøtet.*

*I etterkant av årsmøtet var det invitert til leiarsamling der m.a. generalsekretæren skulle ha innlegg/foredrag om Norges KFUK – KFUM.  
Stikkord: Status i dag, aktuelle saker, visjon og satsing i åra framover.*

#### ----- Å R S M Ø T E P R O T O K O L L -----

#### SAK 1: KONSTITUERING

**Vedtak:** Dirigent: Jan Einar Roos  
Referent: Odd Arne Vikebakk  
Underskrivarar protokoll:  
Greta Håkonsholm  
Elfrid K Hanstad

#### SAK 2: INNKALLING OG SAKLISTE

**Vedtak:** Ingen merknad til innkalling.  
Saklista godkjend.

### **SAK 3: ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2015**

Årsmeldinga vart punktvis gjennomgått.

Nokre kommentarar/merknader/endringar:

- Husnemnd:  
Erik Andreassen, er medlem i nemnda, men manglar i oppsetet. Elfrid K Hanstad derimot, er ført opp, men er ikkje medlem i husnemnda.
- Speidar. Godt med leiarar på kvinnedel. Manglar menn.
- Sluttdatering skal vere mars 2016. Ikkje 2015.

**Vedtak:** Med bakgrunn i det som er omtalt over vert Årsmeldinga for 2015 teken til vitande.

### **SAK 4: REKNESKAP OG BUDSJETT**

Merknader:

- Årsmøtet ber på nytt styret sjå på korleis Arthur Osnes sitt minnefond vert forvalta/følgjt opp.
- Styret/husnemnda bør vurdere om leigesatsane for Fredheim bør justerast.
- Status Internasjonalt fond bør avklarast/oppfølgast.

**Vedtak:** Rekneskapen for 2015 vert godkjendt.  
Budsjettet for 2016 vert teke til vitande.

### **SAK 5: VAL**

Framlegg frå valnemnda vart presentert og det vart og gitt ei kort orientering om prosessen og prioriteringane i nemnda. Framlegg inneheld kandidatar på desse plassane:

- Leiar
- Styre med tilhøyrande funksjonar
- Husnemnd
- Valnemnd

Under drøftinga før vedtak var desse synspunkta framme:

Positivt med ei fornying i styret, med fleire «ungdomskandidatar».

Uheldig med så svak kvinnepresentasjon.

Kasserar bør ikkje/skal ikkje vere ein del av styret.

Det kom i årsmøtet framlegg om endringar i høve til valnemnda si tilråding.

Hildegunn L Fiskerstrand som medlem i styret.

Varalista vert prioritert og med endra rekkefølge.

**SAK 6: EVT.**

Ingen saker var melde.

**Møteleiaren takka for frammøtet.**

**Vedlegg:** Årsmelding for 2015  
Rekneskap for 2015  
Budsjett for 2106  
Framlegg frå valnemnda

Ulsteinvik, den 4. april 2016.

*Odd Arne Vikebakk*

Odd Arne Vikebakk

- Referent -

*Elfrid Kleven Hanstad*

Elfrid Kleven Hanstad

*Greta Håkonsholm*

Greta Håkonsholm